

1. Introduser temaet og start med å sjå [Barn og unge på nett - YouTube](#) Lat elevane snakke saman etter filmen om kva dei la merke til. Kvifor var det slik at barn hadde større sjanse til å gjere dumme ting på nett?

Vel mellom dei ulike opplegga under:

a) Påverknad

Ein influensar er ein som nyttar ulike sosiale media til å påverke andre. Nokon av desse er gode rollemodellar som står for sunne verdiar og haldningar – kan de kome på nokon slike? Kom med forslag/eksempel og sei kvifor dette er ein positiv influensar.

Del klassa inn i grupper og la dei velje ein verdi dei synes er viktig. Gruppa skal planlegge eit innslag på om lag 30 sekund der dei fremmer denne verdien som om dei var influensarar.

Vel først ein verdi de skal påverke til:

- | Ver ein god influensar! | | |
|--|--|---|
| Vel først ein verdi de skal påverke til: | | |
| Snakk like fint å hyggeleg til deg sjølv som du ville snakka til ein god venn | Ta vare på seg sjølv og andre på nett | Bli flink i spill, men husk å vere snill |
- **Snakk like fint å hyggeleg til deg sjølv som du ville snakka til ein god venn**
 - **Ta vare på seg sjølv og andre på nett**
 - **Bli flink i spill, men husk å vere snill**

Ver ein god influensar!		
Vel først ein verdi de skal påverke til:		
Snakk like fint å hyggeleg til deg sjølv som du ville snakka til ein god venn	Ta vare på seg sjølv og andre på nett	Bli flink i spill, men husk å vere snill
<small>Korleis få fram verdien i ein minifilm?</small>	<small>Korleis få fram verdien i ein minifilm?</small>	<small>Korleis få fram verdien i ein minifilm?</small>
<small> • Korleis har du brukte media ville de brukte? • Kvar skal det filmast? • Kven skal snakke? • Kva blir sagt? • Musikk i bakgrunnen? • Dans? • Utfordring/Challenge? • #? • Korleis få mange treff? </small>	<small> • Musikk i bakgrunnen? • Dans? • Utfordring/Challenge? • Korleis få mange treff? </small>	<small> • Korleis har du brukte media ville de brukte? • Kvar skal det filmast? • Kven skal snakke? • Kva blir sagt? • Musikk i bakgrunnen? • Dans? • Utfordring/Challenge? • Korleis få mange treff? </small>

Korleis få fram verdien i ein minifilm:

- Kva plattform/sosialt media ville de brukt?
- Kvar skal det filmast?
- Kven skal snakke?
- Kva blir sagt?
- Musikk i bakgrunnen?
- Dans?
- Utfordring/Challenge?
- #?
- Korleis få mange treff?

La gruppene presentere forslaga sine om dei vil. Gjerne rollespel dei om mogleg. Kva gjer dette til ein god påverknadsfilm?

b) Kva vi deler om oss sjølv


[Personvern er en grunnleggende rettighet on Vimeo](#) Sjå denne filmen frå Utdanningsdirektoratet om kva ein vil andre skal sjå om seg sjølv.

Lurt å dele:	Ikkje så lurt å dele:
<p>Kva er lurt å dele om seg sjølv og til kven? Lag ein strek på midten av tavla/ark med "lurt" på eine sida og "ikkje så lurt" på andre. Fyll inn elevane sine forslag. Be dei eventuelt grunngje forslaga sine.</p>	


Sjå desse to filmane frå NRK om nakenbilde: [«Å bli bedt om å sende nakenbilder»](#) og ["Unge får tilsendt nakenbilder"](#)

Oppgåve:


La elevane drøfte desse eksempla i grupper og oppsummer i klassa. Er dette lov? Er det lurt? Kvifor – kvifor ikkje?



Er dette lov? Er det lurt? Kvifor / kvifor ikkje?



Er dette lov? Er det lurt? Kvifor / kvifor ikkje?



Er dette lov? Er det lurt? Kvifor / kvifor ikkje?

1. Thomas er 11 år. Han får eit tilsendt eit bilde frå ein kamerat som viser ei jente med berre undertøy som held ein banan. Han kjenner ikkje jenta, men bildet er litt morosamt så han lagrar det på telefonen sin, og sender det vidare til to kompisar.

2. Sofie er 11 år. Fleire ho kjenner har lagt ut bilde av seg sjølv som er litt utfordrande der dei berre har på bh, eller har våt t-skjorte. Dei får skikkeleg mange likes og kommentarar. Ho tek eit av seg sjølv og skal til å legge det ut.

3. Anton er 12 år. Han har blitt litt kjent med ei jente som er 13 på nett i det siste, og ho har sendt han fleire fine bilde av seg sjølv der ho er veldig söt. Det fleste med bh, men også eitt utan. Han har sendt nokre av seg sjølv også, men no vil ho ha eit som er meir sexy – helst utan klede.

c) Nettovergrep

Nettovergrep er når ein blir kjent med nokon på nett som etter kvart lokkar, lurer, presser eller truer til seg møter, bilde, film eller anna der ein må gjere seksuelle ting.

Start med å sjå filmen [Levi - en film om seksuelle overgrep på nett - YouTube](#)

Snakk med elevane – fortel at denne filmen er laga fordi dette dessverre skjer veldig ofte.

- Korleis klarte overgripene her å lure Levi? (Han lata som han var ei söt jente, hadde filmklipp som viste ei söt jente, brukte eit språk som er vanleg blant barn på nett, han lokka Levi inn i ein leik, fekk Levi til å føle seg bra, og så trua han med å vise bilda til alle om han ikkje gjekk vidare)
- Korleis trur de dette var for Levi? Kva følelsar hadde Levi gjennom filmen?
- Kva gjorde mammaen bra?
- Kva trur de Levi og mamma kan gjere vidare for at bilda ikkje skal bli delt med andre? (Slike saker er viktig å involvere politiet i! Så dei bør ringe polititet og der får dei vite kva meir som er lurt å gjere).

Bruk i tillegg det digitale opplegget på [jegvet.no](#). Sjå filmane og gjer oppgåvane